

Årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet 2015

Tilsette:

Ingfrid Byrkja Hystad

Barnesekretær, 80 %

Linda Aase

Ungdomssekretær, 85% tom. 30.06

Jakob Saghaug

T2-student frå Bildøy tom. 31.05,

Ungdomssekretær, 85% frå 01.06-30.06, 01.08→

Lise Marie Thuestad Litlabø

Barne- og familiearbeidar, 50 %

Johannes Olsen

Leirarbeidar, 20 %

Lars Magne Ådnanes

Ungdomsarbeidar, 25 %

Vidar Sangolt

Ungdoms- og forsamlingsarbeidar Norheimsund og Øystese, 80 %

Morten Habbestad

T2 Student frå Bildøy, frå august

Rebekka Vartdal

T2 Student frå Bildøy, frå august

Inga Lill Nord

T2 Student frå Bildøy, frå august

Adelin Fylkesnes

T2 Student frå Bildøy, frå august

Lagsarbeidet

Ved utgangen av 2015 hadde me 6 barne- og ungdomslag, fordelte slik:

21 ungdomslag

36 barnelag

9 barne- og ungdomskor

50 av desse 65 laga har sendt inn medlemsliste for å

få frifondmidlar, og 1006 unge har betalt

medlemskontingent. Vi talde 1028 i fjor, så har

fortsatt veldig mange mot 820 året før. Gledeleg! Når

me reiser rundt på lagsbesøk ser me kor

vidtfamnande arbeidet er i mange bygder. Ein utruleg innsats frå lagsleiarar vert utført veke etter veke.

Nokre leiarar er nye i samanhengen, medan andre har

stått på i opp mot 40 år. Imponerande! De er

bærebjelken i IMS sitt arbeid, eit arbeid som er ei

samanslutning av foreiningane, laga og kontaktane i

bygdene. De er med på å arbeide mot IMS sitt føremål

som er å fremja Guds rike og halde oppe eit livskraftig

indremisjonsarbeid.

Leirar

2015

20 leirar

916 deltakarar

169 leiarverk

2014

21 leirar

1160 deltakarar

209 leiarverk

Det har jamt over vore bra deltaking på dei fleste leirane gjennom året, og me ser ein liten nedgong i talet på deltakarar, men har mange med. Det er flott! Mange av desse reiste på leir for første gong, til stor begeistring.

Dei aller fleste leirane har vore avvikla greitt. Me måtte igjen avlyse ungdomsleiren på Helgatun i haust grunna svært få påmelde. Me prøver neste år å arrangere ein anna type leir, ein friluftsløysleir i september. Talet på yngre deltakarar som reiste til Helgatun var òg bra; færre enn året før men likevel fleire enn tidlegare år, men det er vanskeleg å ha nok leiar-ressursar på Helgatunleirane. Førjulshelg vart i 2015 arrangert som to leirar, ei for kvar aldersgruppe. Leiren "20-30" i påska var ny med greitt oppmøte i 2014, men vart avlyst 2015 grunna få/ingen påmelde. Elles er me taknemlege for at leirane går fint, det er eit stort ansvar å ta imot så mange born utan foreldre og med mykje spenning i kroppen. Me ser med glede på alle dei born og unge me får fylgja eit lite stykke i eiga meistring, i utprøving av fellesskap og i møter med Jesus, bibel og eiga tru.

Leirleiarar

Ein ting er sikkert; utan frivillige leirleiarar hadde det ikkje vore mogleg å arrangera 20 leirar. Det krev 10-12 leiarar på ein leir. Me prøver å ha leiarar av begge kjønn, ulik alder og ulik utrustning. Ungdomane er flinke til å stilla som leirleiarar. Mange melder seg frivillig, og merkar av på kalender sin straks ny leirbrosjyre kjem ut. Det set me stor pris på! Verre er det ofte å få tak i vaksne leiarar, noko som er ei utfordring for å kunne gi eit trygt og godt leirtilbod. Det er ekstra flott med lagsleiarar som stiller på leir. Då kan dei lettare dra med seg unge frå sitt lag. Det er tryggare, særleg for dei yngste borna, å reisa på leir der dei kjenner nokre vaksne.

Forbedarar

I den hektiske leirkvardagen er me utruleg glade for å ha 64 forbedarar med på laget. Kvar leir har 8-10 forbedarar, og den enkelte forbedar får ein leir dei skal be for kvar av dei tre leirsongane. I forkant av leiren får forbedarar tilsendt deltakarliste, leirprogram, arbeidsskriv og anna informasjon. Me har fleire gonger sett bønnesvar, og får oppleva den krafta som er i bøn.

Leirleiarfest

Det er blitt ein tradisjon at me arrangerer leirleiarfest på Brandøy. Dagen før BULK-start, 16. januar, var nærare 50 leirleiarar samla til fest rundt fint dekkja bord, festmat, underhaldning og mimring frå leirlivet. Me syns det er flott å få gi litt tilbake for all frivillig innsats, og er glad for at invitasjonen vert sett pris på.

T2-Elevar

Dette året er IMS så heldige å ha fire andreårs-elevar frå Bildøy bibelskule med på laget. Desse er Morten Habbestad, Adelin Fylkesnes, Rebekka Vartdal og Inga Lill Nord. Dei har 12 veker skule på Bildøy gjennom året og 22 veker praksis hjå oss. Dei skal variere praksisen, men er likevel sterkare knytt til kvart sitt lag. Morten har sitt arbeid retta mest inn mot UFO ungdomslag på Langevåg, Adelin har eit ekstra ansvar for ZoomIn på Gilje, Rebekka er med på Junior Ving på Leirvik og Inga Lill er med og driv Laurhammer Yngres. I tillegg til "sine lag" har dei alle bibelgrupper og deltek på andre lagsbesøk og arrangement i kretsen vår. Ein fin gjeng ungdom og ein god ressurs!

Andre arrangement

BULK, barne- og ungdomsleiarakonferanse

17.-18. januar vart det arrangert BULK på Brandøy for leirleiarar, lagsleiarar og andre interesserte. Me gjennomførte ei innhaldsrik helg med mykje bra undervisning av bl.a. Otto M. Dyrkolbotn og Olav Eikemo. Hovudtemaet var «Å følgja...», og me ynskte eit fellesskap på tvers av alder, oppgåver og utrusting. Dyrkolbotn hadde fine bibeltimar om "å følgja etter" og "å følgja Jesus", samt seminar om "å følgja kvarandre", retta mot lagsarbeid. Olav Eikemo underviste om "å følgja Guds gåver" i sitt nådegåveseminar. Flott og inspirerande!

Bildøyelevar leia oss i lovsong, og dei fekk oss med i aktivitet i gymsalen. Me delte også glimt og tips frå ulike lag.

Inspirasjon, utrustning og fellesskap er viktige stikkord frå helga. BULK står som ein av dei viktigaste samlingane der me er saman på tvers av generasjonane, dette er svært positivt.

Sommarens storsamling/ Årsmøte Bremnes 19.-21. juni

Me ynskjer at årsmøtet kvart år skal vera ei storsamling for alle generasjonar, og jubileumsåret var eit flott eksempel på det.

For barna var det Barnas Sommarfest laurdag føremiddag, og midt på laurdagen fekk vi eit spanande møte med Øystein og Chris i traileren i Svortland sentrum. Søndagsskuleshowet deira var flott, og publikum var spreidde i alder, nokre var tilreisande for anledninga og mykje bygdefolk var òg å sjå.

Ei flott gruppe lokale frivillige hadde opplegg for dei ulike aldersgruppene under forhandlingsmøte. Søndag føremiddag var det søndagsskule for borna under deler av gudstenestemøtet, der òg Øystein og Chris deltok. Alle generasjonar var samla til konsert fredag, møte laurdag kveld og stormøte søndag. Ungdommane deltok også på fleire av fellesmøta, men hadde òg mykje kjekt eige opplegg. Fredag kveld var konserten òg for ungdomane, og seinare på kvelden hadde dei sosial samling på ein skule ved hallen. Skulen var overnattingsbase for ungdommane heile helga. Laurdag var det gratis frukost ved før eigen ungdomsbibeltime ved Kristoffer Aase. Seinare på dagen vart det grilling og leik ved skulen. Seine netter, latter og snorking stod på planen medan mørket la på. Søndagen var det full fart med frukost og pakking før de var med på fellesmøta der. Det var nokon flotte dagar med leik og moro saman med ungdommane.

Tusen takk til lokale leiarar som bidrog flott med barne- og ungdomsopplegg

Pit stop

Ordet Pit Stop tyder ein stopp eller stad for kvile og påfyll. 8.-10. oktober, torsdag til laurdag i haustferien vart Pit Stop arrangert på Leirvik bedehus. Pit Stop er eit ungdomsarrangement i samarbeid med ImF-UNG og lokale lag. Draumen for Pit Stop er at me ynskjer å sjå menneske forandra av Gud, og som eit resultat av

det sjå deira heimstad forandra. Stikkord for dagane er undervisning, seminar, aktivitetar, lovsong og kafè. Ei gruppe som heiter Refuel frå Øygarden leia oss i lovsong. Ruben Lie Monsen, frå ImF hadde bibeltimane, Tor Ingvald Lavurak hadde andaktar på kveldstid, samt eit seminar "Bøn i praksis". Der var òg seminar om: "Kvar er min identitet" ved Astrid Kjellevold Steinsland, "Trusforsvar" ved Inge Økland og "KRIK" ved Johannes Olsen. Rundt 130 ungdomar møtte på kveldsmøta og 70-90 ungdomar til bibeltimane. Guds ord vart rikelig sådd desse dagane, og det er verdifullt at ungdomar frå ulike bygder vert betre kjent med kvarandre.

Framnes

«Framnes kristne vidaregåande skule er ein inkluderande skule med internat, der alle trivest og blir møtt med tillit og respekt og får vener for livet. Elevane opplever personleg vekst, fagleg utvikling og eit godt åndeleg fellesskap.»

Dette er visjonen til Framnes. BU-arbeidarar frå IMS er på besøk på skulen nokre dagar per semester; har kveldsmøte og gode treffpunkt med elevar og personale. Det set me stor pris på. Å ta vare på 260 elevar i si beste ungdomstid, kan vera krevjande og er også eit stort privilegium.

BUR

IMS sitt barne- og ungdomsråd BUR har i 2015 hatt fire møte og handsama 31 saker. BUR har mellom anna vore med i planlegginga og gjennomføringa av BULK, og som leiarar på leir. Me har snakka om prioriteringar i BU-arbeidet, leiartrening og meir. Ei av hovudoppgåvene til BUR er å vera rådgivande organ for barne- og ungdomsavdelinga, og vi er stolte over at BUR representerer godt ift ønska fordeling på kjønn og alder, der minst 50% er under 26 år.

Våren 2015 var desse med: Johannes Espevik, Kjerstin Brede Teigen, Olaug Fagerheim, Jakob Saghaug, Margrethe Thuestad, Sindre Aarbø og Joakim Tverborgvik. Silje Hallaråker stod eigentleg vidare eit år, men søkte permisjon grunna studier. Denne vart tatt til følgje og Margrethe Thuestad rykkte opp frå varaplass. Desse er med i BUR etter førre årsmøte: Olaug Fagerheim, Egil Petterteig, Theodor Hellesøy, Sindre Aarbø, Reidun Teistedal Dyrøy, Margrethe Thuestad (1.v), Silje Helen Fyllingen (2.v) og Inger Kristine Hatlevik (3.v). Kjerstin Brede Teigen stod

eigentleg vidare eit år, men søkte permisjon grunna studier. Denne vart tatt til følgje.

Barne- og ungdomsavdelinga møter med to representantar i møtene.

Glede og utfordringar

Me håpar at du gjennom rapporten har sett mykje glede, samstundes som me har utfordringar. Me gler oss over alle som reiser på leir, samtidig saknar me dei som sluttar å reisa. Skulle me gjort meir? Noko me burde gjort annleis? Me gler oss over flotte, nye medarbeidarar, samtidig som me saknar dei som slutta. Alt i alt: 2015 er vel i hamn, og me har mykje godt å sjå tilbake på. Takk til trufaste misjonsvener som oppmuntrar, hugsar oss i bøn og bidrar økonomisk. Takk til lokale leiarar og leirleiarar som står på. De gjev oss inspirasjon i arbeidet. Takk til deg som er ung, som reiser på leir og går i eit lag. Fortsett med det! Å fylgja Jesus er spanande.

«Framfor alt legg eg dykk på hjartet å bera fram bøn og påkalling, forbøn og takk for alle menneske..» 1.Tim 2,1

Olaug Fagerheim – leiar
Egil Petterteig
Theodor Hellesøy
Sindre Aarbø
Reidun Teistedal Dyrøy
Margrethe Thuestad (1.v)
Silje Helen Fyllingen (2.v)
Inger Kristine Hatlevik (3.v)

Ingfrid Byrkja Hystad – Barnesekretær
Jakob Saghaug – Ungdomssekretær